



**Sak F 71/04: SOSIALDEPARTEMENTET – HØYRINGSNOTAT VEDK.
BRUKARBETALING I PLEIE- OG OMSORGSTENESTER**
Anr. 233 H

I FORMANNSKAPET
21. juni 2004

Jan Kåre Aurdal, Olav Harald Ulstein, Jarle Tusvik, Renate Karlsen, Torbjørg Midtgård,
Otto Magne Strømmegjerde, Petter Velle, Dag Flacké, Torhild Rogne Emdal.

Aurdal og Tusvik hadde permisjon frå møtet, 7 voterande.

Samrøystes vedtak: Som framlegget

VEDTAKET VERT DERMED:

Sykkylven formannskap sluttar seg til rådmannen si vurdering av høyringsnotatet om brukarbetaling for pleie- og omsorgsbustader.

Sykkylven, 22. juni 2004
Rett utskrift:

Eksp.:
Sosialdepartementet

Eldbjørg Råmsvik
Eldbjørg Råmsvik

Sosialdepartementet
Vedlegg
S.nr. 260 400 689 - 104



Sykkylven formannskap, sak nr 71/04

SOSIALDEPARTEMENTET – HØYRINGSNOTAT VEDK. BRUKARBETALING I PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

Som vedlegg følger:

- Samandrag av høyringsnotatet
- Heile notatet følger som uprenta vedlegg.

Bakgrunn for saka

Sosialdepartementet har sendt til høyring eit notat som går på brukarbetaling for pleie- og omsorgstenester.

Høyringsfristen er sett til 21.6.04.

Saksopplysningar

Det vert her synt til vedlegg.

Bakgrunnen for saka er kort slik:

- Brukarar av pleie- og omsorgstenester betalar etter to ulike system:
 - brukarbetaling i institusjon heimla i kommunehelselova
 - betaling for faktiske tenester i heimetenestene heimla i sosialtenestelova.
- Dei to ulike systema gjev ulike utslag og betaling for nokolunde same type tenster.
- Kommunane har bygd ut eit stort antal omsorgsbustader der utgangspunktet er at brukarane har husleige kontraktar og elles sjølv har kostnadene.
- I institusjonsplass betalar brukaren for tenestene i høve til eiga inntekt.
- Kommunane etablerer tilbod i høve til korleis tenestene vert finansiert. I dette ligg t.d. bruk av bustønad for omsorgsbustader. Bustønad er det ikkje høve til for institusjonsplassar.
- Det vert etter dette stilt spørsmål ved om det også skal vere husleige også ved institusjonsplass.
- Det vert også stilt spørsmål ved i kor stor grad staten skal ha detaljerte reguleringsføresegner for betaling eller om dette skal overlatast til kommunane.
- Det er i dag ulike reglar mellom institusjonsbebuarar og heimebuande når det gjeld hjelpemiddel gjennom folketrygda, legemiddel på blå resept og Husbanken si bustønadsordning. Er det logisk?

Vurdering

Det representerer betydelege problem at pleie- og omsorgsteneste er underlagt to ulike lover. Dette medfører to ulike sett reglar når det gjeld ytingar og betalingsordningar, men det medfører også ulike tilsyns- og klageordningar.

Den høyringssaka som no litt føre gjeld primært brukarbetalingsordningane.

I høyringsnotatet er det lista opp nokre hovudspørsmål:

”

- I. Bør dagens todelte system for brukarbetaling og finansiering i hovudtrekk vidareførast, eller er det behov for større endringar?
- II. Vil et enhetlig system for brukarbetaling der betalinga knyttes til bolig, daglige utgifter og egenandeler for det faktiske tenester som ytes vere mer hensiktsmessig enn dagens todelte system for brukarbetaling i og utenfor institusjon?



- III. Bør statens fastsette regler for nivået på brukerbetaling, og i tilfelle i hvilke grad, eller bør det vere opp til den enkelte kommune å avgjøre?
- IV. Bør kommunens helhetlige finansieringsansvar for tilbudet til beboere i institusjon utvides til å omfatte ein større gruppe brukere av pleie- og omsorgstjenster, f.eks beboere i omsorgsboliger?
- V. Bør beboere i institusjon ha de samme rettigheter som brukere utenfor institusjon i forhold til hjelpemidler fra folketrygden legemidler på blå resept og Husbankens bostøtteordning? ”

----- ” -----

Høyringsnotatet tek på eit generelt grunnlag opp at dei ulike regelverka mellom dei som har institusjonsplass og dei som har heimeteneste stiller spørsmål ved om det ikkje bør vere meir like ordningar.

Det ligg mellom linene i høyringsnotatet ein kritikk mot kommunane for at dei ”utnyttar” dei ulike regelverk i strid med det departementet hadde tenkt. Til dette må kommenterast at det ikkje må vere noko uventa at kommunane tek til seg nye signal og også brukar på godt og vondt dei regelverk som vert utarbeidd.

At staten er oppteken av mest mogleg like regelverk og effektiv ressursbruk er forståeleg, men det er meir betenkjeleg at det i høyringsnotatet også ligg klare signal om at det er eit mål å få med statens kostnader overfor kommunane. Det er tydeleg at dette siste har vorte eit sentralt element og då får saka eit heilt anna perspektiv.

Det kan vere ynskjeleg å få fram meir like ordningar for ulike brukarar av pleie- og omsorgstenestene. Rådmannen er likevel betenkt over å innføre husleigeordningar for bebuarar i institusjon/skjerma avdeling. Bebuarar på like avdelingar er ikkje alltid så godt i stand til å ordne med alle formalitetar som ein vil få med slike individuelle ordningar. Ei praktisering av enkeltresultat overfor slike grupper kan vere vanskeleg og vil medføre auka ansvar for pårørande, verje o. a.

Når det gjeld meir like ordningar for hjelpemiddel, legeteneste og legemidlar på blå resept, så bør dette vere ein klar fordel.

Om ein ikkje innfører husleigeordningar også for institusjonsplassar, så vil det heller ikkje vere så aktuelt med like ordningar for bustønad.

Rådmannen meiner elles at departement og Storting bør vise kommunane større tillit ved å tone ned statleg detaljregulering.

Rådmannen er elles betenkt over at omleggingar i betalingsordningane kan medføre ein svekka kommunal økonomi. Redusert betaling frå enkelte grupper må enten motsvarast av høgare betaling frå andre eller så må kommunen bruke meir av frie inntekter for å finansiere pleie- og omsorgstenestene. Ein har dessverre dårleg erfaring med liknande omleggingar.

I saka er elles teke opp spørsmål korleis ein skal definere økonomisk grunnlag for utrekning av brukarbetaling. Her er alternativa:

- disponibel inntekt
- husstandens samla skattbare inntekt
- alminneleg inntekt før skatt, og før særfrådrag

Av saka synest begrepet ”alminneleg inntekt før skatt”, å vere det mest rettferdige.

Til dei aktuelle hovudspørsmål har rådmannen etter dette slike kommentarar:



Hovudspørsmål I

Dagens system for brukarbetaling bør i hovudsak vidareførast.

Finansiering av legemidlar og hjelpemiddel bør gjerast like for ulike brukargrupper. Med vidareføring av systemet for brukarbetaling bør systemet med bustønad ikkje endrast.

Som grunnlag for fastsetting av brukarbetaling bør nyttast begrepet ”alminneleg inntekt før skatt”.

Hovudspørsmål II

Ut frå kommentar under hovudspørsmål I ser ein ikkje behov for vesentlege endringar for betaling for butilbod, daglege utgifter og eigenandelar.

Hovudspørsmål III

Storting og departement bør syne kommunane tiltru til å fastsette regulativ som går på skjermingsordningar, betalingsfritak og eigenandelar.

Hovudspørsmål IV

Med lite endring i brukarbetaling, jfr. hovudspørsmål 1, ser ein lite behov for slike endringar.

Hovudspørsmål V

Det bør vere mest mogleg like vilkår for kva rettar brukarar av pleie- og omsorgstenester har og uavhengig av kva butilbod dei har.


----- ” -----

Heile saka er svært omfattande og kompleks og det har vore avgrensa tid til disposisjon for ein meir grundig gjennomgang av høringsnotatet.

Rådmannen ser det likevel viktig at folkevalde organ er kjent med den saka som er på gang.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sykkylven formannskap sluttar seg til rådmannen si vurdering av høringsnotatet om brukarbetaling for pleie- og omsorgsbustader.


Erling Solsletten
rådmann